



Møtebok for Gaular kommune

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
044/07	Skule-/kultur	11.12.07
058/07	Kommunestyret	20.12.07

Uttale til framlegg om endring av barnehage-lova.

Arkiv: A10 &00
Saksmappe: 07/00870-1
Sakshandsamar: Jetvard Kalland
Dato: 29.11.2007

Tilråding til vedtak:

- Lovfesta rett til barnehageplass og omlegging av statleg finansiering av barnehagedrift, må ikkje gjennomførast før ein har fleire års drift med full barnehagedekking i heile landet.
- Ny § 14 Kommunalt tilskot til godkjende ikke-kommunale barnehagar kan gjennomførast frå 2010 med alternativ 3 med 85% som mininmums sats i høve til kommunale barnehagar.
- Gaular kommune har ikkje merknad til ny § 5a; Innhenting av fødselsnummer.

Behandling i Skule-/kultur 11.12.2007:

Øystein Adler Øvrebø kom med fylgjande framlegg:

- Lovfesta rett til barnehage bør gjennomførast, men ein må ha eit finansieringssystem som tar høgde for at barnehagen må kunne drive med ledig kapasitet.
- Punkt to: lik tilrådinga, men med alternativ 4.

Etter drøfting kom utvalet fram til ei samordning av framlegga på punkt ein.

- Lovfesta rett til barnehageplass og omlegging av statleg finansiering av barnehagedrift, må ikkje gjennomførast før ein har fleire års drift med full barnehagedekking i heile landet. Finansieringssystemet må ta høgde for at barnehagane må kunne drive med ledig kapasitet i periodar.

Punktet vart vedteke samrøystes.

Ved avrøysting på punkt to vart tilrådinga vedteken med 5 røyster. Adler Øvrebø sitt framlegg fekk ei røyst.

Punkt tre i tilrådinga vart vedteken samrøystes.

Skule-/kultur sitt vedtak 11.12.2007

- Lovfesta rett til barnehageplass og omlegging av statleg finansiering av barnehagedrift, må ikkje gjennomførast før ein har fleire års drift med full barnehagedekking i heile landet. Finansieringssystemet må ta høgde for at barnehagane må kunne drive med ledig kapasitet i periodar.

- Ny § 14 Kommunalt tilskot til godkjende ikke-kommunale barnehagar kan gjennomførast frå 2010 med alternativ 3 med 85% som minimums sats i høve til kommunale barnehagar.
- Gaular kommune har ikkje merknad til ny § 5a; Innhenting av fødselsnummer.

Handsama i: Kommunestyret - 20.12.2007

Skule- og kulturutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunestyret sitt vedtak 20.12.2007

- Lovfesta rett til barnehageplass og omlegging av statleg finansiering av barnehagedrift, må ikkje gjennomførast før ein har fleire års drift med full barnehagedekking i heile landet. Finansieringssystemet må ta høgde for at barnehagane må kunne drive med ledig kapasitet i periodar.
- Ny § 14 Kommunalt tilskot til godkjende ikke-kommunale barnehagar kan gjennomførast frå 2010 med alternativ 3 med 85% som minimums sats i høve til kommunale barnehagar.
- Gaular kommune har ikkje merknad til ny § 5a; Innhenting av fødselsnummer.

SAKSDOKUMENT:

S Uttale til framlegg om endring av barnehagelova.

I	ENDRING I BARNEHAGELOVA	Private barnehagers Landsforbund
I	ENDRING I BARNEHAGELOVA	Kunnskapsdepartementet

SAKSUTGREIING:

Utkast til endringar i barnehagelova vart sendt ut på høyring av Det Kongelege Kunnskapsdepartement 31.10.07. Høyringsfrist er sett til 03.01.08.

Framlegg til endring gjeld fire område:

- ◆ Rett til barnehageplass. (Ny § 12a og endring § 8)
- ◆ Innlemming av statstilskot til barnehagedrift i kommunane sitt inntektssystem. (rammetilskot)
- ◆ Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar. (Ny § 14)
- ◆ Innhenting av nødvendige data i barnehagesektoren. (Ny § 5a og endringar § 7 og § 8)

Rett til barnehageplass:

Framlegg til lovtekst (i alle sitata er framlegg til ny tekst i kursiv):

" Ny § 12a. Rett til barnehageplass

Barn som fyller ett år senest ved oppstart til barnehage, jf. § 12, har etter søknad rett til å motta et barnehagetilbud i samsvar med denne lov og tilhørende forskrifter.

Barnet har rett til et barnehagetilbud i den kommunen der det er bosatt.

Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.”

Ein bør merke seg at framlegget inneber at barnet har krav på plass i kommunen, ikkje i skulekrinsen, sjølv om kommunen framleis kan ha dette som mål. Alle born over eit år ved oppstart av barnehageåret har krav på plass.

Dersom ein ikkje får plass, ligg det i retten til plass, at dette kan prøvast for domstolen og at kommunen sitt vedtak kan opphevast. Kommunen vert erstatningspliktig.

Det er sagt lite om krav til plass, men tilbod i barnepark og korttidstilbod vil ikkje oppfylle retten. Men, ein må vere merksam på at forskrift om sakshandsamingsreglar gjev klagerett dersom ein ikkje får eit av to tilbod. Kva konsekvens dette kan ha, er usikkert. I verste fall kan kommunen verte erstatningspliktig dersom det går for lang tid fram til omsøkt storleik på plass kan oppfyllast.

Sidan Gaular kommune gjev barnehageplass til alle som søker, vil truleg retten til plass i seg sjølv ikkje føre til økonomiske eller administrative konsekvensar. Ein tek likevel atterhald i høve til problemstilling om storleik på plass. Det kan føre til at ein får dyre løysingar. Ein kan få eit ugunstig forhold mellom bemanning og tal born økonomisk sett.

Vedtektene må endrast slik at tilbod om nødvendig, kan gjevast i anna sokn/skulekrins.

Driftstilskot til barnehagedrift gjeve i kommunen sitt rammetilskot:

Eit rammetilskot inneber at kommunane gjennom inntektssystemet får tildelt ein sum gjennom eit system basert på objektive kriterier. Føremålet er at kommunen skal gje eit likeverdig tilbod til innbyggjarane.

I dag får kommunen tilskot til barnehagedrift gjennom statleg driftstilskot, skjønnsmidlar, investeringstilskot, tilskot til minoritetsspråklege born og born med nedsett funksjonsevne. I framlegget ligg det at alle desse tilskota skal gå inn i ramma.

Det er tenkt ei overgangsordning. Korleis denne vert, skal omtalast i Statsbudsjettet for 2009. Den største summen er driftstilskot. Dette er ein fast sum per barn over og under tre år som går i barnehagen. Dersom dette vert gjeve i høve til born i kommunen i aldersgruppa, kan det vere grunn til å frykte at det same skjer som med tilskotet til born med nedsett funksjonsevne, tilskotet til Gaular minka då det vart lagt om frå 10% av dei som var i barnehagen til 10% av borna i aldersgruppa i kommunen. Dei som kjem best ut, er dei med store kull.

Det er grunn til å frykte at små kommunar som Gaular ved ein kombinasjon av omlegging til rammetilskot og lovfesta rett til barnehageplass, kjem dårlegare ut enn i dag. På sikt vil det føre til større utgifter for kommunen då ein må ta meir høgde for at ein har ledige plassar.

PBL (Private barnehagers Landsforbund) som organiserer ein stor del av dei private barnehagane er kritisk til ei rammefinansiering og påpeikar at det såkalla barnehageforliket vart fem gonger dyrare pr år enn det som var forutsett. Ein fryktar at statlege utrekningar ikkje vil dekke utgiftene på sikt.

Eit anna moment vil vere kommunen sitt ansvar for tilsyn og oppfølging. Ein syner til § 8. Endringar står i kursiv.

§ 8. Kommunens ansvar

”Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.

Kommunen har plikt til å sørge for at det finnes et tilstrekkelig antall barnehageplasser for barn under opplæringspliktig alder. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov. *Kommunen skal oppfylle retten til barnehageplass etter § 12a i denne lov for alle som er bosatt i kommunen.*

Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn i samiske distrikt bygger på samisk språk og kultur. I øvrige kommuner skal forholdene legges til rette for at samiske barn kan sikre og utvikle sitt språk og sin kultur.

Hver kommune skal opprette og føre register over fødselsnummeret til barn som går i barnehage. Registeret skal benyttes til en nasjonal database for utarbeiding av statistikk, forskning og analyse for å undersøke langsiktige effekter av deltakelse i barnehage i forhold til senere utdanning samt andre forhold som har betydning for sosial utjevning. Behandlingsansvarlig for basen skal være Kunnskapsdepartementet eller det organ departementet delegerer til. Nærmere bestemmelser om rapporteringsplikt, oppbevaring, bruk, utlevering og lagring av slike data fastsettes i forskrift.

Hver kommune skal opprette og føre register til bruk for Arbeids- og velferdsetaten i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtteleven. Registeret kan samkjøres mot Arbeids- og velferdsetatens register over mottakere av kontantstøtte. Departementet gir forskrifter med utfyllende bestemmelser om føringen av registeret, hvilke opplysninger registeret skal inneholde og behandlingen av disse opplysningene.

Kommunen har rett til innsyn i dokumenter og adgang til barnehagelokaler i den utstrekning dette anses nødvendig for å ivareta kommunens oppgaver.

Kommunen forvalter *de statlige øremerkede* tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. *Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.* (Forslag til endring ved valg av alternativ 1 til ny § 14). ”

Det er truleg at eit slikt ansvar for rettleiing og tilsyn kan føre til trong for auka administrasjon, sjølv om det meste av desse oppgåvene er der i dag. Ein må hugse på at lova er frå 2006 og at ein kanskje ikkje i tilstrekkeleg grad har teke inn over seg dei nye krava.

Ein konkluderer med at lovfesta rett til barnehageplass og omlegging av statleg finansiering av barnehagedrift, ikkje bør gjennomførast før ein har sikre data for drift med full barnehagedekking i Noreg.

Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar.

Slik det er i dag, vert det statlege driftstilskotet frå staten formidla av kommunen. I tillegg skal det vere eit kommunalt tilskot etter bestemte kriterier. I utgangspunktet skal det kommunale tilskotet vere minimum 85% av det kommunen brukar på dei kommunale barnehagane.

Her er det fremja fire alternative framlegg til lovtekst.

” **Ny § 14. Kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager**

Alternativ 1:

Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.

Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, kan kommunen finansiere.

Kommunen skal fastsette regler for kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager i kommunen, jf. første og andre ledd. De fastsatte reglene for kommunalt tilskudd skal inneholde bestemmelser om utmåling, søknadsprosedyrer, klageadgang, revisjon og de rutiner og regler som er truffet for å unngå overkompensasjon og sikre tilbakebetaling av eventuell overkompensasjon.

Reglene for kommunalt tilskudd skal sikre overholdelse av de til enhver tid fastsatte regler om foreldrebetaling og sikre et kvalitativt godt barnehagetilbud i kommunen i tråd med gjeldende lover og regelverk.

Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.

Alternativ 2:

Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.

Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11, har rett på kommunalt tilskudd dersom finansiering av barnehagen ikke medfører vesentlige negative følger for tilsvarende virksomhet i kommunen.

Kommunen skal fastsette regler for kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager i kommunen, jf. første og andre ledd. De fastsatte reglene for kommunalt tilskudd skal inneholde bestemmelser om utmåling, søknadsprosedyrer, klageadgang, revisjon og de rutiner og regler som er truffet for å unngå overkompensasjon og sikre tilbakebetaling av eventuell overkompensasjon.

Reglene for kommunalt tilskudd skal sikre overholdelse av de til enhver tid fastsatte regler om foreldrebetaling og sikre et kvalitativt godt barnehagetilbud i kommunen i tråd med gjeldende lover og regelverk.

Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.

Følgende endring foreslås i § 8 sjette ledd (nytt syvende ledd):

Kommunen forvalter de statlige øremerkede tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.

Alternativ 3:

Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.

Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, kan kommunen finansiere.

Kommunen har plikt til å gi tilskudd slik at godkjente ikke-kommunale barnehager, jf. første og andre ledd, får kommunalt tilskudd med minst X prosent av det tilsvarende barnehager eid av kommunen i gjennomsnitt mottar i kommunalt tilskudd.

Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.

Alternativ 4:

Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle ikke-kommunale barnehager i kommunen som har søkt om godkjenning senest i løpet av 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11.

Barnehager som søker om godkjenning etter 2009, og som følge av dette er godkjent, jf. §§ 10 og 11, har rett på kommunalt tilskudd dersom finansiering av barnehagen ikke medfører vesentlige negative følger for tilsvarende virksomhet i kommunen.

Kommunen har plikt til å gi tilskudd slik at godkjente ikke-kommunale barnehager, jf. første og andre ledd, får kommunalt tilskudd med minst X prosent av det tilsvarende barnehager eid av kommunen i gjennomsnitt mottar i kommunalt tilskudd.

Kommunens vedtak etter andre ledd kan påklages til fylkesmannen.”

Det nye framlegget ivaretek noko av det som var ei sterk innvending mot gjeldande barnehagelov då ho kom. Lova opna for fri etablering av barnehagar med kommunal plikt til tilskot. Framlegget medfører at dersom det er overkapasitet, kan kommunen nekte tilskot til nyetablering. I alternativ 1 og 3 er dette noko sterkare formulert enn i 2 og 4. Dette er positivt for å hindre at kommunen vert pliktig til å støtte ein overkapasitet/dyr organisering av barnehageplassar. Ved alternativ 1 står kommunen friare i fastsetjing av det kommunale tilskotet. Kommunen må då formulere eit regelverk for støtte slik at den kommunale støtta er forutsigbar. Alternativ 3 er likt med det som skal vere praksis i dag dersom ein set inn 85% for X.

Ein tilrår alternativ tre som vidarefører ordninga med støtte slik den er i dag og tek bort 2003 som basisår. Ein føreset at det vert halde på 85% som minimum.

Registrering av personlege data. (fødselsnummer):

Departementet grunnjev lovframlegget med trong for forskning, statistikk og analyse av utdanningssystemet sin innverknad på sosial utjamning. Vanlegvis får ein bruke desse data ved at den det gjeld, gjev sitt samtykke. Departementet meiner ein slik framgangsmåte ikkje er høveleg i høve til forskning og vil difor heimle dette i lov. I databasen vert fødselsnummeret erstatta av eit id-nummer for å anonymisere det enkelte barn.

Ny § 5a. ”Innhenting av fødselsnummer

Foreldre og foresatte plikter å oppgi barnets fødselsnummer til kommunen til bruk for utarbeiding av statistikk, forskning og analyse, jf. § 8 fjerde ledd.

§ 7. Barnehageeierens ansvar

Barnehageeieren skal drive virksomheten i samsvar med gjeldende lover og regelverk.

Barnehageeieren må legge fram opplysninger om regnskapsdata, tjenestedata og en *liste som gjør det mulig for kommunen å identifisere hvilke barn som går i vedkommende barnehage, jf. § 8 fjerde ledd og § 5a*, etter forskrifter fastsatt av departementet.

Barnehageeieren plikter å gi barnets bostedskommune de opplysninger som er nødvendige for å kunne føre et register som nevnt i § 8 fjerde ledd.

Barnehageeieren skal fastsette barnehagens vedtekter. Vedtektene skal gi opplysninger som er av betydning for foreldrenes/de foresattes forhold til barnehagen, herunder

- a) eierforhold,
- b) formål, jf. § 1 fjerde ledd, herunder eventuell reservasjon fra § 1 annet ledd, jf. tredje ledd,
- c) opptakskriterier,
- d) antall medlemmer i samarbeidsutvalget,
- e) barnehagens åpningstid.

Godkjente virksomheter skal være registrert i Enhetsregisteret. ”

Ein har ikkje innvendingar mot dette.

Utskrift sendt til:

Rett utskrift
Sande den 03.01.08.

7

Dag Ripe
Kontor- og personalsjef